

Turnstart allereie denne veka

04.01.2010



Ein ny turnsesong står for døra og gymstick byrjer allereie torsdag klokka 19.30. Dei andre partia startar i neste veke, opplyser turngruppeleiar Janne Hjørnevåg til uskedalen.no

Måndag klokka 19 skal dei igong med step og onsdag går det slag i slag med seniortrim klokka 16, barnetrim klokka 17, idrettsskulen klokka 18 og aerobic klokka 10.

Gruppa er godt rusta i det nye året, men dei har ikkje lenger fast instruktør på barnetrimmen. Janne spør difor om det er nokon yngre uskedelingar som kan tenkje seg å gå inn i denne rolla. Hvis ingen meldar seg, lyt foreldra dele på instruktør-oppgåva denne våren.

Over er gymstick-partiet i aktivitet ved starten av 2009 og under er aerobic-partiet i gang.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

